



## Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd

Ikornnes kyrkje 28.08.24 kl. 17:00.

Desse møtte: Leif Kalvatn, Bjørg Kurset, Solfrid Utgård, Johanne Lade, Malin Uri, Kristine Abelsest

### Sak 11/24 Rekruttering av folk til ulike dugnader.

Vi tenker at det er lurt å rekruttere ein fast dugnadsgjeng i soknet. Kanskje har staben i kirka lister over aktuelle folk, idear eller moglegheit til å hjelpe til med å kome i kontakt med folk. Finne ut korleis dei løyser dette i Sykkylven kyrkje. Dette kan ein snakke om på eit fellesmøte til hausten. Ideen er at om vi har ein fast gjeng som liker å vere med på dugnader, kan vi i soknerådet deligere og planlegge oppgåver, men at vi har andre aktive som kan utføre oppgåver. Det er også kjekt om fleire folk er personleg engasjerte i kirka, for det sosiale, og få ei kjensle av tilhøyrighet i Ikornnes kyrkje. Vi kan ta opp på ein kyrjekaffi om nokon ønsker å engasjere seg på kyrjekaffi. Solfrid U. ville høyre med 2 aktuelle (Anita og Oddrun)

### Sak 12/24 Boss-skur.

Leif K tek opp med Karl Johan, kyrkjetener om ein skal bygge eit bosskur på dugnad. Eventuelt om det er andre oppdrag ein kan engasjere folk i.

### Sak 13/24 "Syng med oss-julenattene" 24 november.

Arrangementet startar kl 17. Soknerådet arrangerar ein kafe i kyrkjekjellaren som vi får inntekt på etter synginga. Vi kan høyre med folk om dei kan bidra med kake eventuelt. Kaffi og gløgg er kanskje aktuelt.

### Sak 14/24 Orientering om Luciakveld 13. desember.

Eit arrangement i Ikornnes kyrkje, ved Rose S. og barn som syng.

### Sak 15/24 Orientering om 2 juledag gudstjeneste.

Hundeidvik blandakor bruker å stille fast denne dagen.

### Sak 16/24 18. oktober "John-Reidars" konsert.

Leif K høyrrer med Sveinung Utgård om betaling . Vi må også ha bekrefta eit bandnavn som vi kan bruke på plakater. Også om dei har eit gruppebilde som vi kan nytte til plakat. Malin U. lager plakat når dette er på plass.

Vi tenker at dette arrangementet skal ha kostpris, for å ha fokuset på det sosiale og ikkje at vi nødvendigvis må tjene pengar på alt. Tanken var først ca 400 kr per billett,



## DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

men vart i ettertid nedjustert til 300 kr. Fellesbillet for konsert i kyrkjerommet og middag i kyrkjekjellaren etterpå. Bjørg K. snakkar med Lidvar Kurseth som ville vere kokk for kvelden. Vi kan gjerne ha ei slags gryte med brød/salat, eller hjortegryte. Kaffi og tvist etterpå evt. Vi tenker at det er unødvendig med dessert så seint på kvelden. Kokken kan få bestemme kva meny han synes passar best. Vi kan styre porsjonane og ause opp på fat. Vi tenker at ca 100 personar kan kome til å møte opp.

Konserten kan begynne kl 19, vare i ca 1,5 timar og deretter mat. Vi fann ut at vi ikkje ønska loddosal denne kvelden.

Referent,  
Kristine Abelseth